



Austrheim vidaregåande skule
Mastrevikane 44
5943 AUSTRHEIM

Dato: 12.05.2016
Vår ref.: 2016/1922-5
Saksbehandlar: marvirk
Dykkar ref.:

Investeringsmidlar 2016 - Austrheim vidaregåande skule

Viser til dykkar søknad om investeringsmidlar til reguleringsløyfer, målesystem, lab-utstyr, pneumatikk, hydraulikk, arbeidsbrakke, dreiebenk og fryserom. Opplæringsavdelinga har i 2016 eit investeringsbudsjett på 37 mill kr til fordeling. Innmeldt behov frå skulane er på i overkant av 94 mill kr. Dette gjer at ei rekkje tiltak ikkje kan prioriterast i 2016.

Austrheim vgs får innvilga **kr 400 000,- inkl moms** til utstyr.

Skulen prioriterer sjølv innkjøpet i samsvar med søknaden og gjer anskaffing i tråd med HFK sitt innkjøpsreglement og gjeldande rammeavtalar.

Rekningane betalast av Opplæringsavdelinga. Skulen bestiller varer og tenester og tek imot rekningane for kontroll og sender desse vidare i Basware til Cathrine Øvredal Mellingen.

I kommentarfeltet i Basware skal det leggjast inn ein referanse til dette brevet og visast til prosjektnummer 09520 - Utstyrsmidlar.

Det er ikkje høve til å overføre midlane til 2017. Alle rekningar må derfor betalast i 2016.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Marit Virkesdal
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Kjersti Haugland

Cathrine Øvredal Mellingen